



Elin Tordis Holmås Fanebust
Lindåsvegen 2088
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15470 - 20/69125

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
03.11.2020

Melding om forureining av grunn - gbnr 99/1 Våge (Vågseidet)

Tiltak: Utbetring forureining grunn
Byggjestad: Gbnr: 99/1 Våge (Vågseidet)
Tiltakshavar: Elin T Holmås Fanebust

Alver kommune har den 10.09. og den 18.10.2020 motteke bekymringsmeldingar med informasjon om at det ligg mengder med jernbanesviller på eigedommen din, med adresse Lindåsvegen 2088, 5955 Lindås. Det blir meldt om at jernbanesvillene er dumpa like ved/oppi ei dreneringsgrøft på staden. Denne grøfta renn vidare ut i fylkesvegen, som igjen leder vidare til drikkevattnet Tykkhellervatnet/Vågseidevatnet. Jernbanesviller er kreosotbehandlet trevirke og kreosot inneheld stoffer som er helse- og miljøskadelege. Kreosot inneheld kreftframkallende stoffer og stoffer som er sterk irriterande for huden, jf. informasjon henta får Miljødirektoratet sine nettsider. Det blir og meldt om funn av oljesøl i grunnen samt ein del bilvrak av varierende kvalitet på eigedommen din.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Kommunen reknar bilvraka på eigedomen din som avfall i forhold til forureiningslova § 27, 1. ledd. Dette gjeld uansett kva for grunn du har til å oppbevare bilane på eigedomen.

Det er vidare etter forureiningslova § 28, 1. ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjæmmende eller være til fare eller ulempe for miljøet». Føresegna gjeld og forsøpling på eigen eigedom. Etter føresegna i § 28, 3.ledd stillast det krav til forureinaren om å rydda opp

Alver kommune er forureiningsmynde jf. forureiningslova § 48, og har plikt til å undersøkje meldingar som kjem inn til kommunen. Vi ber difor om ei tilbakemelding om:

- tilhøva på staden

- plan for vidare skadebegrensande tiltak basert på omfanget av forureininga og effekten av iverksatte tiltak

Frist for tilbakemelding vert sett til 15.12.2020.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å rydde opp, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Skriftleg tilbakemelding sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forureiningslova § 48
- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.
- Definisjon av avfall følgjer av forureiningslova § 27
- Forbod mot forsøpling følgjer av forureiningslova § 28.
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37 1.ledd.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Elin Tordis Holmås Fanebust

Lindåsvegen 2088

5955 LINDÅS